Årsmøte fredag 12/12 -75.
Frammøtet var godt ca. 80 medl. møtte.

Sak 1. Godkjenning av saklista.
Saklista godkj. utan merknad.

Sak 2. Valg av møteleder.
Tor Killi vart valgt.

Sak 3. a) Stemmerettsalder nedover.
Vedtak: 14 år.
b) Valgbarhetsalder nedover.
Vedtak: 14 år.

Sak 4.
Årsmeldingane
Alle desse vart godkjent utan
merknad. Og alle er vedlagt protokollen
frå orienteringsgruppa var det ingen rapport.

## Utdrag av fotballgruppas regnskap for 1975.

Beholdning pr. 8/11-74.:

| | |
|---|---|
| Kassebeholdning | kr 823,39 |
| Postgiro | " 92,79 |
| Fron Sparebank | " 5,55 |
| | kr 921,93 |

Inntekter:

| | |
|---|---|
| Inntekt fotballkamper | kr 18.441,- |
| " bingo | " 16.452,77 |
| Renteinntekter | " 198,75 |
| Reklameinntekter | " 5.300,- |
| Fra hovedgruppa | " 6.000,- |
| | kr 46.392,52 |

Utgifter:

| | |
|---|---|
| Idrettsutstyr, fotballer, drakter etc | kr 4.103,20 |
| Utstyr for treningsbane | " 2.960,60 |
| Skyssutgifter | " 13.161,- |
| Gaver, telefonregninger | " 1.216,60 |
| Div. til grasbanen | " 1.632,35 |
| Trenerhonorar | " 9.200,- |
| Kurs, møter | " 662,40 |
| Lagskontigent til kretsen | " 575,- |
| Billetter, dommerregn., mineralvann, annonser | " 7.672,20 |
| Oppgjør til NFF for kamp i NM | " 714,- |
| Div. omk | " 851,35 |
| | kr 42.748,70 |

Beholdning pr. 10/12-75:

| | |
|---|---|
| Kontanter | kr 2.181,19 |
| Postgiro | " 321,29 |
| Fron Sparebank | " 1.153,07 |
| | kr 3.656,55 |

Ola Tungen ( kass.)

NB! Vask av drakter ikke oppgjort.

## Utdrag av regnskapet for Kvam Idrettslag.

**Inntekter:**

| | |
|---|---|
| Fron Sparebank gave | Kr. 600,00 |
| Medlemskontingent | " 1.520,00 |
| Fron Kommune tilskott | " 11.000,00 |
| " " O-kart | " 5.000,00 |
| Reklame | " 300,00 |
| Renter | " 765,00 |
| | Kr. 19.185,00 |

**Fordelt til gruppene:**

| | |
|---|---|
| Fotballgruppa | Kr. 9.300,00 |
| Skigruppa | " 3.800,00 |
| Friidrettsgruppa | " 3.600,00 |
| Orienteringsgruppa | " 1.400,00 |
| | Kr. 18.100,00 |

**Beholdninger:**

| | |
|---|---|
| Kassa | Kr. 0,00 |
| Postgiro | " 3.391,15 |
| Bank kto. 3067111 | " 5.182,11 |
| " " 3114551 | " 2.507,31 |
| " " 3180384 | " 13.435,61 |
| | Kr. 24.589,44. |

Dette regnskapsutdrag er tatt den 1/12-1975. Regnskapet blir avsluttet den 31/12-75, og sendt revisorene til revidering.

Kvam den 1. desember 1975

Tor Killi
(kaserer)

KVAMHYTTA.

Styremøte mandag den 20. oktober 1975.
Tilstades: Oddrun Rudland, Petra Jensvoll, Odd Brustuen og Arve Byrløkken.

Sak 1. Årsrapport for tida 31/10-74 til 31/10-75.
Styret kan og for dette året sjå attende på eit driftsmessig godt år for Kvamhytta. Etterspurnaden for leige av Kvamhytta vart større og større, og styret har sett det som ei oppgåve å finna fram til ei ballansert utleige slik at dei ideelle mål for anlegget alltid kjem i forgrunnen samstundes som drift, vedlikehald og amortisering av lån må takast på med realisme. Samarbeidet med hovudleigaren i Danmark, Norsk Reisebureau, er det aller beste. Styret vil og berømme samarbeidet med Turistkontoret på Vinstra.
Dette at styret har kunna leiga ut hytta i skole- og idretts-ferien har gjort at ein av lokale lag, skolar og foreiningar berre har teke ein symbolsk pris ved utleige. Denne prisen dekkjer såleis stort sett renovasjon og tilsyn. Da vert dei som anlegget ideelt sett vart bygt for ikkje utestengde av økonomiske grunnar.

Økonomi.
Kvamhytta er i dag, etter takst, fullverdiforsikra med innbu for kr. 256.000,-. Dette året kan da styret koma med den gledelege meldinga at anlegget er skuldfritt! Styret viser forøvrig til rekneskapen som vert revidert og som vi ikkje bringer utdrag av her. Vi vart skuldfrie 2 år før planen. Dette kjem av at styret har gjort eit betydeleg gratisarbeid som "vertsfolk" på Kvamhytta. Ein viktig lekk er og Bingoen der samarbeidet med Skigruppa og mange oppofrande einskildpersonar innbragte rundt 30.000,- kroner. Etter avtale med Skigruppa fall kr. 18.000,- av desse pengane på Kvamhytta. Skigruppa som er den største "idretts-brukaren", har med denne fordelinga forhandsbetalt "husleige" for lang tid framover. Grunnen til denne transaksjonen er å spara renteutgifter.
Utleigekontrakta med Norsk Reisebureau går ut 1. oktober 1976, men såvel styret for Kvamhytta som styret for reisebyrået vil tilrå at denne kontrakta vert fornya og indeksregulert.

Det einaste økonomiske vonbrotet styret har hatt dette året er de nye og brutale prisane på elektrisk straum. Det er ille at eit anlegg som i den grad driv veldeleg arbeid skal måtta punga ut. Kasseraren har fått i oppdrag å ta saka opp med Ringebu & Fron E-verk, og styret legg ikkje skjul på at det kan koma på tale å kopla til oljefyringsanlegget som mest ligg klart med tank og det heile. Dette vil ein først vurdera etter kontakta med E-verket.

Vedlikehaldsarbeid/innkjøp.

Ein har bede Asmund Kamp å grava opp nedste delen av kloakken. Dette feltet har ein tendens til å tetna, og ein vil sjå om leidningane kan vera glidd frå einannen.
Dei kvinnelege representantane i styret har fått fullmakt til å komplettera dekketøyet på kjøkenet.

Fullføring av 2. byggjesteg på Kvamhytta.

Da Kvamhytta vart reist måtte ein koma fram til eit kompromiss mell ideelle ynske og økonomisk evne. Anlegget vart likevel planlagt sl at ein kunne koma attende til saka når tilhøva låg til rette for de og det synte seg at anlegget hadde "livets rett". Ein har i desse åra gjort verdfulle røynsler i samarbeid med Kvam skole, Skigruppa, Norsk Reisebureau og andre leigarar. Årskulla på Kvam skole vert og stadig større slik at dette reiser serskilde krav. Alt dette, kombinert med dei ideelle opprinnelege planane, gjer at styret for Kvamhytta legg fram følgjande plan:
Som opprinneleg tenkt, reiser man eit tilbygg i vinkel mot nord-vest med ei flate på 50-60 kvadratmeter med full kjellar. Dette bygget vil da innehalda:

1. Nedgang til kjellaravdelinga.
2. Tørkerom.
3. Utviding til 32 soveplassar.
4. Lagerrom for undervisningsmateriell.
5. Skistall.
6. Badstugu.
7. Spiserom - rom for frysar,kjølar etc

Finansiering-gjennomføring.

Norsk Reisebureau har skriftleg stillt kr. 40.000,- til disposisjon. Dette er forskot på tilleggsleige for tilbygget. I likskap med resten av bygget, må ein søkja om godkjenning av naudsynte rom til leirskoleføremål med tanke om refusjon av merverdiavgift. Ein har alt hatt uformell kontakt med såvel skolesjef som idrettskonsulent om saka.

Med eit så betydeleg anlegg ser styret det som liten risiko å opp eit lån på Kvamhytta. Vi har stor kredittillit og leigeinntekter på fast kontrakt vil auka 100%. Norsk Reisebureau er viljuge til 5-års kontrakt.
Styret ser det slik at ved dette tilbygget, må vi sjølve reise grunnmuren og overlata til Nøkkelhus og ta alt, på fast kontrakt, over grunnmuren.
Vi ber difor om løyve til å utarbeide teikningar, koma med finansieringsplan, søkja om godkjenningar fra råd og sakkunnige for til slutt å leggja det heile fram for Foreldrerådet og Idrettslaget til endeleg godkjenning. Det er Styrets foresetnad at tilbygget ikkje skal finansierast av dei to foreiningane, men ein må ha hjelp til dugnad på grunnmuren.
Tilbudet frå Norsk Reisebureau, som styret vil karakterisera som sers generøst, er basert på at vi fullfører planane sommaren 1976.

Kvam, den 20. oktober 1975.

| Arve Byrløkken<br>formann | Petra Jensvoll<br>medlem | Oddrun Rudland<br>kasserar | Odd Brustuen<br>medlem |
|---|---|---|---|

Kvamhytta

Styremøte mandag den 2o.oktober 1975.
Tilstades: Oddrun Rudland, Petra Jensvoll, Odd Brustuen og Arve Byrløkken.

Sak 1. Årsrapport for for tida 31/1o-74 til 31/1o-75.
Styret kan og for dette året sjå attende på eit driftsmessig godt år for Kvamhytta. Etterspurnaden for leige av Kvamhytta vert større og større, og styret har sett det som ei oppgåve å finne fram til ei ballansert utleige slik at dei ideelle mål for anlegget alltid kjem i forgrunnen samstundes som drift, vedlikehald og amortisering av lån må takast på med realisme. Samarbeidet med hovudleigaren i Danmark, Norsk Reisebureau, er det aller beste. Styret vil og berømma samarbeidet med Turistkontoret på Vinstra.
Dette at styret har kunna leiga ut hytta i skole-og idrettsferien har gjort at ein av lokale lag, skoler og foreininger har berre har teke sin symbolsk pris ved utleige. Denne prisen dekkjer såleis stort sett renovasjon og tilsyn. Da vert ikkje dei som anlegget ideelt sett vart bygt for ikkje utestengde av økonomiske grunnar.
Økonomi.
Kvamhytta er i dag, etter takst, fullverdiforsikra med innbu for kr. 256ooo,-. Dette året kan da styret koma med den gledelege meldinga at anlegget er skuldfritt! Styret viser forøvrig til rekneskapen som vert revidert og som vi ikkje bringer utdrag av her. Vi vart skuldfrie 2 år før planen. Dette kjem av at styret har gjort eit betydeleg gratisarbeid som "vertsfolk" på Kvamhytta. Ein viktig lekk er óg Bingoen der samarbeidet med Skigruppa og mange oppofrande einskildpersonar innbrakte rundt 3o.ooo kroner. Etter avtale med Skigruppa fall kr. 18.ooo av desse pengane på Kvamhytta. Skigruppa som er den største "idrettsbrukaren", har med denne fordelinga forhandsbetalt "husleige" for lang tid framover. Grunnen til denne transaksjonen er å spara renteutgifter.
Utleigekontrakta med Norsk Reisebureau går ut 1. oktober 1976, men såvel styret for Kvamhytta som styret for reisebyrået vil tilrå at denne kontrakta vert fornya og indeksregulert.

Det einaste økonomiske vonbrotet styret har hatt dette året er dei nye og brutale prisane på elektrisk straum.Det er ille at eit anlegg som i den grad driv veldeleg arbeid skal måtta punga ut. Kassereren har fått i oppdrag å ta saka opp med Ringebu&Fron E-verk, og styret legg ikkje skjul på at det kan koma på tale å kopla til oljefyringsanlegget som mest ligg klart med tank og det heile.Dette vil ein først vurdera etter kontakta med E-verket.

Vedlikehaldsarbeid/innkjøp.

Ein har bede Asmund Kemp å grave opp nedste delen av kloakken.Dette feltet har ein tendens til å tetna,og ein vil sjå om leidningane kan vera glidd frå einannan.

Dei kvinnelege representantane i styret har fått fullmakt til å komplettera dekketøyet på kjøkenet.

Fullføring av 2.byggjesteg på Kvamhytta.

Da Kvamhytta vart reist måtte ein koma fram til eit kompromiss mellom idealle ynske og økonomisk evne.Anlegget vart likevel planlagt slik at ein kunne koma attende til saka når tilhøva låg til rette for det, og det synte seg at anlegget hadde "livets rett".Ein har i desse åra gjort verdfulle røynsler i samarbeid med Kvam skole,Skigruppa, Norsk Reisebureau og andre leigarar.Årskulla på Kvam skole vert og stadig større slik at dette reiser serskilde krav.Alt dette,kombinert med dei idealle opprinnelege planane,gjer at styret for Kvamhytta legg fram følgjande plan:

Som opprinneleg tenkt,reiser man eit tilbygg i vinkel mot nord-vest med ei flate på 5o-6o kvadratmeter med full kjellar.Dette bygget vil da innehalde:

1. Nedgang til kjellaravdelinga.
2. Tørkerom
3. Utviding til 32 soveplassar.
4. Lagerrom for undervisningsmateriell.
5. Skistell
6. Badstugu
7. Spiserom,Rom for frysar,kjølar etc.

Finansiering-gjennomføring.

Norsk Reisebureau har skriftleg stillt kr.4o.ooo til disposisjon.Dette er forskot på tilleggsleige for tilbygget.I likskap med resten av bygget,må ein søkja om godkjenning av naudsynte rom til leirskoleføremål med tanke med refusjon av meirverdiavgift.Ein har alt hatt uformell kontakt med såvel skolesjef som idrettskonsulent om saka.

..d eit så betydeleg anlegg ser styret det som liten risiko å oppta eit lån på Kvamhytta. Vi har stor kredittillit og leigeinntektene på fast kontrakt vil auka 100%. Norsk Reisebureau er viljuge til 5-års kontrakt.

Styret ser det slik at ved dette tilbygget, må vi sjølve reise grunnmuren XXXXX og overlata til Nøkkelhus og ta alt, på fast kontrakt, over grunnmuren.

Vi ber difor om løyve til å utarbeida teikningar, koma med finansieringsplan, søkje om godkjenningar frå råd og sakkunnige for til slutt å leggja det heile fram for Foreldrerådet og Idrettslaget til endeleg godkjenning. Det er Styrets føresetnad at tilbygget ikkje skal finansierast av dei to foreiningane, men ein må ha hjelp til dugnad på grunnmuren.

Tilbodet frå Norsk Reisebureau, som styret vil karakterisera som sers generøst, er basert på at vi fullfører planane sommaren 1976.

Kvam den 20 oktober 1975

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arve Byrløkken | Petra Jensvoll | Oddrun Rudland | Odd Brustuen |
| formann | medlem | kasserar | medlem |

**<u>Bygging av Idretts og Stemnepark i Kvam.</u>**

På styremøte i Kvam idrettslag fekk Arne Brendstuen og Arve Byrløkken i oppdrag å skaffe ein planleggar til dette anlegget slik at ein kunne koma i gang med ein debatt om saka.

Etter råd frå fleire vendte ein seg til arkitekt Sveinung Hirth ,som sa seg viljug til å ta saka.Onsdag den 24.september avvikla ein eit førebuande møte med arkitekten samstundes såm ein i førevegen hadde hatt kontakt med kommuneingeniøren for å få stillt naudsynt kartmateriale til disposisjon.

Til dette møtet møtte følgjande personar:

Arkitekt Sveinung Hirth,Arne Brendstuen,Åge Bergum,OddBrustuen,Arve Byrløkken,Svein Rudland.Karen Brendstuen vart under møtet orientert i den grad ho kom seg fri frå arbeidet.

Representantane frå Idrettslaget orienterte arkitekten om kor langt ein var kome med å skaffe areal til anlegget,gjorde arkitekten kjend med dei som står for reguleringsarbeidet i Kvam samstundes som ein ved synfaring presenterte areala ein har sett ut til idretts-og stemnepark.

Arkitekten vart bede om å arbeide ut ei ideskisse for eit fullstendig anlegg som så skal danna grunnlag for debatt i berørte lag og foreiningar.

Ynske som vart sett fram til arkitekten:

1.Ei vakker idretts og stemnepark.
2.Ein fullverdig anlegg som kan utbyggjast etappevis etter behov og evne.
3.Konkurransestadion for fotball og friidrett.
4.Handballbane.
5.Parkeringsplass.
6.Garderobar,lager,sanitæranlegg.
7.Kiosk/klubbkontor.
8.Innkorporering av lysløypa i anlegget med tanke på bruk om sommaren som joggesti og trimløype.
9.Ordentleg adgang til Bygdahuset over friareal.
lo.Musikkpaviljong-stemneplass.
11.Treningsbane for fotball.
12.Stiar for trim/rekreasjon.
13.Tilpasning til bomiljøet.

Representantane bad også arkitekten å ta initiativ til samarbeid med kommuneingeniør,reguleringsarkitekt og STUI.

For Kvam idrettslag

A. Byrløkken (signature)
Arve Byrløkken — Arne Brendstuen — Odd Brustuen

Arve Byrløkken og Odd Brustuen er kontaktpersonar for arkitekten.
Tlf 466 — tlf 5o7

Sak 5 Rekneskap.

Utdrag av rekneskapen for hovedkassa vart framlagt. Rekneskapen er ikkje avslutta og er ikkje revidert. Rekneskapsåret skal nå følgje kalenderåret og rekneskapen blir difor å gjera opp pr. 31/12-75. Og den skal då reviderast og godkjennast av Styret.

Rekneskapane for fotballgruppa og skigruppa vart framlagt og godkjent utan merknader. Utdrag av rekneskaper er lagt ved protokollen. Rekneskap for handballgruppa og trimføringsgruppa vart ikkje framlagt.

Sak 6. Kvamhytta Driftsrapport.

Rapporten vart lagt fram og godkjent utan merknad.

Sak 7. Kontigent 1976.
Vedtak: Kontigenten blir som før.
Denne blir da: Familiekontigent 25 kr.
Aktive: 15 kr. Passive 10 kr.
Barn og skoleungdom 5 kr.

Alle gruppestyra blir pålagt å velge 1 medl. som påser at alle som er på trening eller arrangement innan klubben har betalt medl. kontigent for året.

Kontigenten blir innkrevd som for med hjelp av skuleborn og andre.

Sak 8. Fastsetting av godtgjersle for bruk av eige bil.
Vedtak: Etter forslag frå Byrtökleen vart det vedtatt 40 øre pr. km og 5 øre pr/km pr. passasjer.

Sak 9. Innkomne forslag.
a) Idretts- og stemnepark.
Byrtökleen orienterte om arbeidet med planane for det nye anlegget. Det vart framlagt for årsmötet to alternativ utarbeidt av ingeniör Hirth. Det eine alternativ med hovudbana ned mot Fredriksen (alt 1) og treningsbana lenger opp.

Vedtak: Styret får årsmøtets godkj. om å arb. vidare med idretts- og stemneplassplanane etter alternativ 1. Einstemmig.

Sak 9c Lysløype ved Kvamhytta.
Søknad frå skigruppa om løv til å byggje lysløype ved Kvamhytta.
Vedtak: Årsmøtet gjev skigruppa fullmakt til å arb. med lysløype rundt Kvamhytta etter dei planane som er skissert i årsmeld. frå skigruppa. Einstemmig.

Sak 9b. 2. byggetrinn Kvamhytta

Denne saka er det redegjort for i årsmeldinga frå Kvamhytta.

Vedtak: Årsmøtet gjev styret for Kvamhytta fullmakt til å utarbeida teikningar og koma med finansieringsplan for 2. byggjesteg av Kvamhytta. Når dette er gjort, blir det å leggja fram for styret i Kvam i.l. til godkjenning.

Sak 10. Utdeling av aktivitetspokaler for 1975.

Damepokalen: Anne Sølvi Byrløkken til odel og eige.

Herrepokalen: Tor Olsen.

Sak 11. Valg.

a) Styret i hovudlaget

Formann: Arne Brendstuen (gj. valg)
N. form. og sekretær: Rolf Moen (ny)
Kasserar: Toril Skard. (ny)
Styremedl: Tor Kolle, Hans Fredriksen (ny)
Varamann til styret: Knut Brendstuen.

b) Gruppeformennene er medl. av styret.
Revisorar: Jens Arne Sæter og Håkon Segstad
Revisor for Kiosken: Sigrun Andresen.

c) Fotballgruppa.
Formann: Bjarne Ødegården
N. formann: Ole Bjørgen
Kasserar: Ole Tungen.
Oppmennene er elles medl. av gruppestyret for fotballgruppa.

Oppmann for 4. div. Per Joh. Andersstuen
— " — 5. div: Arne Holmen
— " — junior: Nils Rossemmoen
— " — gutter: Arve Tangen, H. Brendstuen
— " — smågutter: — " —
— " — lillepatt: Odd Bruestuen
— " — minipatt: Rolf Pedersen.

Materialforvalter blir valt innan for gruppa

d. Skigruppa.

Formann: Arve Byrløkken
Kasserar: Helge Olsen
Medlemmer: Einar O. Lien, Einar Brendstuen, Mads Jensvoll, Astri Marte Bjørgen, Mari Teige Killi, og Johs. Tingen.

e. Handballgruppa.

Formann og kasserar: Karen L. Brendstuen
Medl.: Toro Mork
Oppmann, pike: Winche Nordlien
— " — småpike: Bjørg Brendstuen
— " — minipila: Kjersti Rudland.

f. Orienteringsgruppa.

Formann: Ragnhild Sæter
Kasserar: Anne Solvi Byrløkken
Medl.: Ola Dahl, Nils Elstad, Grethe Brustuen, og Ellen Fidegård.

g) Trimidrett
Formann: Kjell Olav Bjørke
Kasserar: Karin Kjørum
Medl: Åge Bergum, Arve Byrløkken og Petter Byrløkken.

g) Kontrollkomite:

Ole Stormorken og Magnar Killi

h) Uts. til Komm. bygdebok.
Arne Brendstuen ( Aud Brendstuen)
Arve Tangen ( Kjell Lehaug)
Ragnhild Sætre ( Oddlaug Byrlokken)

k. Medl. av kontaktutvalg.
Ragnhild Sætre og Rolf Moen

l. Repr. til styret for Kommhytta:
Arne Byrlokken og Ola Bjørgen (ny)

m: Styret oppn. pressekontakter.

Sak 12. Eventuelt. Ingen saker vart tekne opp.

Møtet slutt.

Håkon Sigstad (sekr).